

ÅL KOMMUNE
3570 ÅL
00864952992

BESTEMMELSAR VED KJØP AV I KOLBOTN BUSTADFELT

- 1) **Eigedomen kan berre nyttast som heilårsbustad.**
- 2) **I tillegg til kjøpesummen må kjøparen betale tilkoplingsgebyr for vatn og kloakk, årsgebyr, gebyr for kart og oppmåling og alle kostnader ved overdraginga så som tinglysingsgebyr, dokumentavgift o.l**
- 3) **Tomta skal koplast til kommunalt vass- og kloakknnett og vert seld med ferdig framførte ledningar lagt til/ eller i nærleiken av tomtegrensa. VAR-avdelinga i Ål kommune (avdeling for vatn, avlaup og renovasjon) skal etter søknad godkjenne og kontrollere tilkoplingsutføringa til det kommunale vass- og kloakknettet.**
- 4) **Ved opparbeiding av avkøyring frå kommunal veg, skal kjøparen leggje stikkrenne med fall mot overvasskum.**
- 5) **Kjøparen pliktar å syte for at tomta vert bebygd, planert og opparbeidd i samsvar med reguleringsvedtektene for området og vilkår sett av bygningsmyndigheitene i samband med byggeløyvet.**
- 6) **Seljaren er ansvarleg for opparbeiding av balløkke i feltet. Anna opparbeiding av leikeplassen (oppsetting av gjerde, innkjøp av leiker m.v.) er kommunen uvedkomande. Alle tomteeigarar forpliktar seg til å danne og knyte seg til ei velforeining som skal vera ansvarleg for drift og vedlikehald av fellesareala i feltet.**
- 7) **Kommunen har rett til å ha liggjande vassledningar, avløpsledningar og kablar som er lagt over tomta, samt føre tilsyn og utføre vedlikehald og reparasjonar av desse.**
- 8) **Eigaren og festarar av nabotomter har rett til å føre vass- og kloakkledningar over eigedomen dersom dette er naudsynt. I tilfelle tvist om plassering av slike ledningar skal tvisten avgjerast av sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) med endeleg verknad. Mogeleg skade av hageanlegg o.l ved graving etter at det bygd på tomta, skal vedkomande eigar eller festar erstatte. I tilfelle partane ikkje vert samde om opprydding eller erstatning for det, skal spørsmålet avgjerast ved voldgift der kvar av partane vel sin representant og lensmannen oppnemner tredjemann.**
- 9) **Der det er nødvendig for å få rasjonell brøyting/ vedlikehald av vegen, kan kommunen leggje snø innanfor tomtegrense frå brøyting med plog/ fresar.**

- 10) Planting/ gjerding må ikkje gjerast slik at desse sperrer for frisikt i vegkurver, vegkryss m.v.
Heller ikkje må det plantast eller setjast opp gjerder på ein slik måte at desse vert skadd ved snøbrøyting.
Dersom dette vert gjort, er eigaren sjølv ansvarleg for slik skade.**
- 11) Hus eller andre bygningar må ikkje plasserast over eller så nær vass-/avløpsledningar/ kabelanlegg at dette vanskeleggjer eventuelt vedlikehalds-/ reparasjonsarbeid på nemnde anlegg.
Det same gjeld for oppfylling av terreng. Eventuell flytting av kommunaltekniske anlegg p.g.a. utnytting av tomt skal kostast av kjøpar.**
- 12) Vegskjæringar/ fyllingar, veggrøfter og areal mellom tomter og kommunal veg skal haldast ryddig av tomtekjøpar.**
- 13) Er det ikkje bygd på tomta innen 2 år frå det tidspunkt skøytet er utskrivi, pliktar kjøparen, dersom kommunen krev det, å skøyte ho attende til same pris og utan kostnad for kommunen.
I slike høve skal kjøparen betale eit gebyr tilsvarende 1 % av kjøpesummen.
Kjøparen har rett til å få attendebetalt tilkoplingsgebyr for vatn, kloakk og oppmålingsgebyr.**
- 14) Det er ikkje høve til oppføring av meir enn eit bustadhus på eigedommen viss ikkje reguleringsføresegnene for tomta opnar for det.**